



Statens vegvesen

Jobbnorge ID: 276755

Deadline: 3/24/2025

Website: <https://www.vegvesen.no/om-oss/jobb/>

Scope: Fulltime

Duration: Permanent

Vil du bli del av eit sterkt og veksande fagmiljø?

Byggeleder Rekkverk

Om stillinga

Vi søker byggeleiar/ingeniør for vedlikehaldskontraktar på fagområde vegrekkverk. Stillinga er plassert i seksjon for vedlikehald, Drift og vedlikehald midt. Seksjonen har ansvar for å planleggje og gjennomføre vedlikehaldsprosjekt på riks- og europavegnettet i vårt geografiske område. Vi har ansvaret for over alt av vegrekkverk i området og vi tilbyr eitt sterkt og veksande fagmiljø med fleire og varierte arbeidsoppgåver i eitt triveleg og inkluderande arbeidsmiljø. Hovudoppgåve i stillinga er å identifisere, planleggje, prosjektere og følgje opp kontraktar i forbindelse med vegrekkverket i område midt.

Dette inneber mellom anna:

- vedlikehaldsplanlegging og gjennomføring av inspeksjonar på vegrekkverk
- følgje opp trafikksikkerheits rapportar mht vegrekkverk i området
- utarbeide konkurransegrunnlag og gjennomføre anbudsprosessar
- oppfølging av kontraktarbeidet til entreprenøren, økonomi, kvalitet, SHA/YM og framdrift
- sørge for god dialog og samarbeid med aktuelle interne og eksterne aktørar handtering av media

Kontorstad for stillinga er Ålesund, Molde eller Steinkjer.

Drift og vedlikehaldsdivisjonen i Statens vegvesen har ansvar for heilårleg drift av riksvegane, inkludert tilhøyrande ferjestrekningar. Vi held ved like og utviklar vegnettet, og vi planlegg og gjennomfører utbetningsprosjekt. Divisjonen har rundt 880 medarbeidarar, og i 2024 omsette vi for meir enn 17 milliardar kroner til trafikktryggleik og framkomme - til det beste for kundar og samfunnet.

Kompetansekrav

Vi ser etter deg som:

- har minimum 3- årig utdanning frå universitet eller høgskule innan relevant fagområde. Omfattande og relevant erfaring kan kompensere for manglande formell utdanning
- har førarkort kl. B
- er god til å formulere deg skriftleg og muntleg på norsk
- har solid digital kompetanse

Det er en fordel om du har lang kompetanse/ erfaring fra å bygge eller vedlikeholde vegrekkverk av stål og betong.

Vi legg stor vekt på personlege eigenskapar og ønskjer at du er strukturert, engasjert, løysings -og samarbeidsorientert og bidreg til eit godt arbeidsmiljø.

Dersom du har teke heile eller deler av utdanninga di i utlandet, ber vi om ei autorisert oversetjing av papira dine og godkjenning frå HKDIR (<https://hkdir.no/utdanning-fra-utlandet>).

Kvifor skal du velja oss?

Som tilsett i Statens vegvesen blir du ein del av eit solid og kunnskapsdelande fagmiljø. Du påverkar samfunnsutviklinga og får bidra til framtidsette løysingar på ditt fagfelt. Vi gir deg ansvarsfulle oppgåver og du vil få utvikle deg, både fagleg og personleg, i takt med nye utfordringar i samfunnet. Vi tek godt i mot deg, og du blir ein del av eit fellesskap med godt arbeidsmiljø i heile landet.

Vi tilbyr deg også desse goda:

- fleksitid og gode ordningar for å avspasere
- god pensjonsordning og moglegheiter for lån i Statens pensjonskasse
- moglegheit for trening i arbeidstida eller støtte til treningsaktivitet
- gode moglegheiter for fagleg påfyll

Lønn blir avtalt i samsvar med lønnspolitikken vår.

Testar og bakgrunnssjekk

Vi bruker arbeidspsykologiske testar for å vurdere kandidatens eigenskapar, ferdigheiter og kvalifikasjonar for stillinga. Desse testane bidreg til å sikre ei rettferdig og objektiv vurdering av alle kandidatar, og dei hjelper oss med å finne den mest kvalifiserte personen for stillinga. Vi bruker også bakgrunnssjekk på utvalde stillingar for å verifisere og søkje etter informasjon som kan ha noko å seie for rekrutteringsprosessen.

Positiv særbehandling

Statens vegvesen verdset mangfald og ønskjer ein inkluderande arbeidsplass. Me oppmodar alle kvalifiserte kandidatar til å søkja. Kvalifiserte søkjarar med funksjonsnedsetjing, hol i CV-en eller innvandrarakgrunn vil få moglegheit for positiv særbehandling. Les meir om positiv særbehandling på arbeidsgivarportalen.

Søklarlista er offentleg

Dersom du ynskjer å reservere deg frå oppføring på offentleg søklarliste, må dette grunngjevast. Viss vi ikkje kan ta ynsket ditt til følgje, tek vi kontakt med deg.

Har du spørsmål om stillinga?

Kontakt seksjonsleiar Johnny Andre Skår, tlf. 481 73 292

Om Statens vegvesen

Statens vegvesen vil leie an i utviklinga av eit effektivt, sikkert og heilskapleg transportsystem tilpassa morgondagen sine behov og teknologi. Vi bygger, driftar og vedlikeheld riksvegane, og vi tek vare på heilskapen gjennom vårt nasjonale ansvar for beredskap på veg og ved utvikling av tydeleg regelverk og standardar for alle. Gjennom arbeid og tilsyn med trafikantar og køyretøy, ny teknologi og utviklinga av digitale tenester sikrar vi trafikantane smarte, trygge og miljøriktige transportval.

Verksemda våre er organisert gjennom Vegdirektoratet og seks nyetablerte divisjonar.

Additional information

Contact person:

Johnny Andre Skår, Seksjonssjef

Phone: +47 48173292 | E-mail:

Place of service:

- Vestre Olsvikveg 13 6019 Ålesund (Ålesund Municipality)
- Fylkeshuset. Julsundvegen 9 6412 Molde (Molde Municipality)
- Byavegen 48 7714 Steinkjer (Steinkjer Municipality)